


BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 3, 2005/2006

Januar, februar, mars

President Anders Lausund



Redaksjonskomité: Magne Lundemo, Harald Gudbrandsen, Johanne Alvestad, Thor Grønmyr

Møte 03.01.2006

President Anders ønska vel møtt og orienterte om klubbsaker. Dagens hovudpost var ved Bjørn Johnsen.

Som kjent arbeider han i Rolls Royce i Kina. Han har vore med å etablere og innarbeide ein fabrikk i Peking. Som medlem i Brattvåg rotary og at han var heime på juleferie var han villeg til å steppe inn på kort varsel med dagens hovudpost.

Han fortalte om ei rivande utvikling i Kina. Det er klart eit satsingsområde for norske bedrifter å vere til stades i Kina eller østen generelt. Stor vekst i industrialiseringa og ei rask tilnærming av vestleg kultur og påvirkning preger det som skjer i Kina.

Takker Bjørn for eit engasjerande og interessant foredrag.

Thor G

Møte 10.01.2006



President Anders ønska vel møtt og orienterte om klubbsaker. Dagens hovudpost var ved fysioterapeut Line A. Mikalsen som kom for å snakke om slanking. Dette er eit tema som engasjerer, også på Rotary-møte! Dessverre

manglar fullstendig referat frå dette møtet, men Line skapte engasjement og god kommunikasjon med dei frammette. Om kvelden skapte noko form for "slankehysteri" i klubben skal vere usagt, men det virker vel ikkje sånn!

Møte 17.01.2006

Klubbsaker:

Åremål: Tove Permisjonssøknad frå Trond Utmelding frå Olav J. Flaa Rolf R har laga eit spørjeskjema for medlemmene i klubben. I skjemaet spør han etter korleis vi kan gjøre Brattvåg Rotaryklubb meir interessant. Han ber om at vi leverer inn skjemaet på neste møte, anonymt og i utfyllt stand. 3-minutt:

Eldar tok opp den nye kommuneplanen der Brattvåg blir plassert i lag med nabobygdene Hildre og Helland. Eldar viser til at Brattvåg er det politisk vedtekne komunesenteret i Haram og meiner det framleis er avgjerande at den jamne Brattvågar viser engasjement, deltar i debatten og står på for å sikre fortsatt framgang og utvikling for bygda!

Hovedpost:

Rolf R. stod for dagens hovedpost. Han har tidlegare lovd Stacy (tidlegare utv.student) å lage og sende etter ein digital presentasjon av Brattvåg. Denne presentasjonen var han no ferdig med og den ville han dele med oss. Vi fekk sjå ein svært god og brei presentasjon av Brattvåg der han har fått med mykje historikk, skipsbygging og annan industri, fiske, handel, skular, kultur, friluftsliv og mykje meir.

Alt sjølv sagt illustrert med flotte bilete og engelsk tekst.
Kanskje den kan brukast i andre samanhengar også?
ML

Møte 24.01.2006

Møtet vart innleia av presidenten med klubbsaker.

3-min var i dag ved Leif Sønderland. Han tok opp manglende nyetablering av industriversemder i lokalmiljøet. Han var bekymra for utviklinga med lite etablering i området. Han viste til tall som syner korleis nyetableringa var for ein del år tilbake. Han stillte spørsmål om vi har det for godt slik situasjonen er no og at vi ikkje ønska nye og spennande utfordringer. I 2011 vert Brattvåg 100 år. Skal ein forsøke eit framstøt mot å stimulere til etablering av industriarbeidsplasser fram mot denne markeringa? Ein del nye arbeidsplasser har blitt skapt, men det er stort sett innafor handel og servicenæringer.

Hovudpost for dagen stod Leif Sønderland for saman med Thorleif Marken og Jostein Skjelten. Saman med Endre Sandnes og dei respektive ektefelle hadde dei vore i Cuba. Ein presentasjon av faktaoplysingar om Cuba vart lagt fram. Spansk talande land med ei ung samansetting av befolkningen. Stikkord om historikken til Cuba var dei første oppdagingane kring år 1000, Columbus i 1492, spansk innvandring frå 1514, landet vart uavhengig i 1902. Revolusjon i 1959 og Batista gjekk då

Castro kom til makta og Cuba-krisa i 1962.

Dei fortalte om eit land i stor fattigdom som så vidt sviv rundt økonomisk. Filmen viste og eit land i forfall med dårleg vedlikehald. Det vart fortalt om eit stort klasseskille i landet. Videoen synte ei lærekrik presentasjon av tilhøva i Cuba. Ein vart tatt med på ei rundreise i Cuba gjennom Havana, Trinidad og andre kjente stader. Cubanske sigarer vart også omtala og etter kvart innkjøpte for ein billeg peng.

Thor G

Møte 31.01.2006

President Anders ønska vel møtt til møtet og orienterte om klubbsaker.

3-min var ved Arne Tande. Han hadde vore på reise til Island og vore i kontakt med ambassadøren der- ein utflytta Brattvåger Guttorm Vik. Han kom med helsingar tilbake til heimbygda. Arne gjorde seg nokre refleksjoner om kostnader no og tidlegare i forhold til å etablere seg. Han såg tilbake på småfiskeri tidlegare og samanlikna med situasjonen no. Konklusjonen var at småfiskeri er ikkje nokon leveveg å falle tilbake på i sine eldre dager.

Dagens hovudpost var ved Arne Vågnes og Internasjonal komite. Han ga oss ei reiseskildring frå ein tur han had

de hatt frå Spania og dei Andalusiske sletter. Han starta turen i Malaga og reiste til Granada og enda opp i Malaga igjen med retur

til Norge. Saman med kona si Åslaug reiste dei med buss i dette området som har mykje historisk å fortelle. Dei overnatta mellom anna i Paradores- ei hotellkjede med høg standard til ein akseptabel pris. Paradores finn ein i mange av dei Spanske byane. Dette er gjerne luksuriøse borger eller slott som er restaurert til høg standard. Absolutt eit alternativ når det gjeld overnatting i Spania når ein vil koste på seg noko ekstra.

Maten i Spania var topp med gode tapas-retter og god drikke til. Ein kulinarisk oppleveling for ola normann.

Området har mange historiske bygninger frå den tida Maurarane bodde her. I dette området finn ein mange kjente borger og katedraler. Maurarane var i dette området frå 711 e.kr til 1492. Ferdinand og Isabella er dei mest kjente regentane i Spania. Dei samla seg og fekk kasta Maurarane ut og samla Spania til eit rike. Historia i Spania syner ein gjennomsyra kamp mellom muslimer og kristne. Mellom anna ser ein i Cordoba ein moske og ein finn katedraler med god blanding av muslimske og kristne påvirkninger i arkitekturen.

Takker Arne for ei interessant rundreise i dei Andalusiske

slettene.

Thor G

Møte 11.02.2006

Årsfesten

I år var årsfesten lagt til klubbbhuset til Bråttvåg IL, eit lokale som høver utmerket til eit slikt arrangement. Festen vart avvikla etter mønster frå tidlegare festar og då skjønar alle at her var god stemning rundt hestesko-bordet! Smaten smakte fortreffeleg, det same gjorde drykken, trivelege bordkavalerar og ein god og morsom festleiar i Sindre. Bjørn S. talte til damene, Ingrunn talte til mannfolka, begge gjorde stor lykke!

Etter måltidet var det dans til flott musikk og med stor deltaing og innleving i reinaste "dansefeber-stil"!

PS. Det var plass til fleire både rundt bordet og på dansegolvet!

ML

Møte 14.02.2006

Bedriftsbesøk Høyskolen i Ålesund.

Det var godt frammøte da vi ble ønsket velkommen til Høyskolen.

Bygget sto ferdig i 1999 og er en sammenslåing av 3 tidligere høyskoler; Sykepleie, Ingeniør og Maritim Høyskole. Bygget er på 20.000 kvm. fordelt på konf.rom, auditorier, kantine, bibliotek, laboratorier, bokhandel, lesesal - osv.



Illustrasjon frå skipssimulatoren ved Høyskolen i Ålesund

200 personer og 1200 studenter og hospitanter har sin arbeidsplass her. Under omvisningen fikk vi se forskjellige undervisningsrom og demonstrert endel undervisningsmateriell. Spesielt grundig gjennomgang fikk vi av simulatorene for ankerhåndteringsvinsjer og navigasjonsutstyr for forskjellige skip. Alt dette kan samkjøres med en kommandosentral, rederikontor, redningstjeneste, værmelding, annen skipstrafikk osv. slik at alle teknelige situasjoner kan skapes til stor fortvilelse for engasjerte studenter. Disse simulatorene blir også leid av rederier i inn- og utland til opplæring av egne mannskap.

Til slutt fikk vi møte professor Hans Petter Hildre fra Tennfjord. Hans tema var "Innovasjon og Produktutvikling". Siden Norge nå er et høykostland er vi avhengige av kreativitet og høy kompetanse som kan skape nytt næringsliv. Et innovasjonssystem skal kunne styre alt dette. Innovasjon er å sette kreativitet ut i handling. Og for å lykkes med dette var utholdenhet en viktig forutsetning. Tennfjord nevnte bl.a. at Edison testet 9000 forskjellige materialer før han lyktes med glødelampa.

HG

Møte 21.02.2006

Fritt møte

Gjester: Thomas Vadset og Svein Rørhus fra V&T Rotaryklubb.

Anders takkar Sindre og Bjørn for framifrå innsats under årsfesten som var svært vellukka! Han minner også medlemmene om den internettbaserte spørjeundersøkinga frå innkomande guvernør Per Ottesen.

Rolf R. har kveldens 3-minutt der han tek opp følgjande spørsmål: Har vi i dagens samfunn blitt for profitorientert - har vi rett og slett gløymd kundane?

Og har dette samanheng med at det er aksjonærane som har fått stor makt?

Som eit døme på heller slett kundebehandling fortel Rolf ei sjølvopplevd historie om ein Mercedes 450 SL Cabriolet 1973-modell som han kjøpte i USA og skulle ta med seg til Norge. Vi tek her med berre moralen i fortellinga: Tenk deg godt om før du vel å importere ein veteranbil til Norge via tollkontoret i Ålesund!

Radl rundt borda.

ML

Møte 28. februar

Gasskraftverk på Fræna

Kveldens hovedgjest var Ståle Nogva, som namnet tilseier ein vaskeekte Haramsborgar. I denne samanheng representerete han imidlertid Istad Kraft og ikkje minst; Industrikraft Møre, eit selskap som Nogva var med og stifta tidlegare på dagen! Bak selskapet står tunge aktørar som Istad Kraft, Tafjord Kraft og Hustad marmor. Kongstanken er å få realisert eit gasskraftverk i Fræna. Den største utfordringa for å få til dette er å lukkast med ei effektiv og lønsamrensing av CO₂-utsippet. Nogva er sjølv forundra over dette kravet som han meiner er uforholdsvis strengt samanlikna med t.d. kullkraftverk, som produserer langt meir av denne klimagassen. Nogva hevda med fynd at dette prosjektet er det viktigaste bidraget for å løyse den alvorlege kraftkrisa som er i ferd med å ramme Nordvestlandet. Dersom alt går som det skal, vil ein kunne produsere kraft allereie i 2009/2010. Dette er langt tidlegare enn alternativ som nye kraftlinjer frå Sogn og Fjordane og vindkraft. Han synte også til nokre prognosar for kraftforbruket i fylket vårt som viser ein kraftig auke fram mot 2020. For å oppnå vidare vekst i den kraftkrevjande

industrien i fylket er dette foretaket eit viktig bidrag. Nogva peika også på det faktum at ein har kome over nye funn av naturgass på havbotnen utanfor Midt-Noreg som lett kompensere for ein etter kvart lågare oljeproduksjon. Av andre liknande prosjekt er det berre anlegget ved Kårstø som er i ferd med å bli realisert. Nogva ventar ein stor vekst i gasseksporten til utlandet i åra som kjem. Han viste også til den aukande interessen for naturgass lokalt med den regionale gassleverandøren Naturgass Møre AS, som m.a. skal levere gass til Haramsenteret og den nye Brattvåg barneskule. På dette feltet er Haram ein pionerkommune!

I ordskifte etterpå var det stort engasjement blant medlemmene, noko som berre understrekar kor aktuelt kveldens tema er. Og aldri har vel klubbens honorar til våre foredragshaldarar, Kalle Krafts Småkraftverk, passa bætre!

ML

Møte 07.03.2006

Ibsen si reise til Sunnmøre/Romsdal

Kveldens var det Thorleif som var mann for og denne gongen var det Henrik Ibsen si reise i 1862 som var temaet. Denne reisa kom i stand etter at han hadde fått eit stipend for å samle folkeeventyr og segn. Han reiste oppover Gudbrandsdalen, via Lom over til Sognefjellet og ned til Skjolden, vidare utover til Førde før han for vidare nordover til Hellesylt, der han var i fleire dagar, før han kom til Solnør Gaard og Vestnes. Tilbake reiste han den vanlege vegen opp Romsdalen og ned Gudbrandsdalen. Det vert i ettertid hevda at han på denne reisa fekk inspirasjon og bakgrunnstoff til å skrive både "Brand" og "Peer Gynt". M.a. skal presten på Hellesylt (Barmann) ha stått modell for

presten i "Brand". Etter besøket på Vestnes fekk han utgitt sine inntrykk i eit tidskrift, noko som fekk presten der til å reagere slik at redaktøren måtte dementere deler av innhaldet. På Sødorp (Vinstra) skal han ha møtt personar og høyrt segner som etterkvart gav han idear til "Peer Gynt".

Vi takkar Thorleif for nok eit engasjerande innslag. ML

Møte 14.03.2006

Omvisning på Haramsenteret
Prosjektleder Kåre Beite ønsket velkommen og ledet omvisninga.

Vi startet i sykehjemsdelen som har plass til 50 pasienter - alle i enkeltrom. Dette er delt opp i 6 boenheter - 3 i hver etasje for 7-10 personer. De har felles kjøkken - oppholdsrom/spiserom - TV-krok-treningsrom m. fysioterapeut og observasjonsrom for pleiepersonalet. Kontor for administrasjonen og heimesjukepleien er også her. For hver boenhet er en husmor som lager til tørrmat. Middag blir levert fra storkjøkken som serveres på fellesrom eller på rom. Valg av meny. Rommene er på 26 kvm.- bad - gang og oppholdsrom der det er plass til noen egne møbler. En nattevakt pr. etasje og varslingsanlegg til pleier på alle rom. Innflytting 27.4.

I første etasje blir omsorgsboliger. 24 stk. på 57 kvm. - Kjøkken - stue - bad - entre - soverom, - altan og bod. Innflytting 1.4. Det vil også bli åpnet et dagcenter med ulike aktiviteter for

eldre. Fra omsorgsboligene blir det kort veg til forretninger - kafe og Ingebrigts Davik-huset. Husleie blir 4.900 pr. mnd. inkl varme og vask.

Kulturhuset inneholder Storsal med plass til 370 pers. og er på 400 kvm. Det kan dekkes til 300 pers. og når amfiet ikke er i bruk er det plass til 600 pers. Det er et hvilerom for aktørene. Kinosalen har plass til 101 pers. og skal ha framvisning 2 kvelder i uka. Ungdomsavd. inneholder møterom, video- og multimediaavd./ verksted, et lite kjøkken og internettcafe og et rom for aktivitetsleder. Lobbyen i 3. etasje skal disponeres for disse aktivitetene. Forretningsdelen var ikke klar, men utgjør 2200 kvm. Coop skal disponere 1000 kvm. og 600 kvm. er avsatt til kjøkken og kafe. Innflytting 27.4.

Parkeringshuset får plass til 65 biler, og det blir noen parkeringsplasser ute.

Noe av filosofien med Kulturhuset er at lokalene skal kunne nyttes til forskjellige aktiviteter - møter - utstillinger - selskap - konferanser og andre tilstelninger. Dette ser det ut til at de har lykkes med.

Oppvarming i hele huset er vannbåren varme og sentralstyrt med individuell justering. Energikilden er gass, men elektrisitet kan også benyttes. -

Varmegjenvinning.

Lydisolering i bygget skal hindre støy mellom avdelingene. Kulturhusdelen er isolert mot grunnen og det er lagt inn lydfuger mellom kino- og storsal og mot

omsorgsboligene. Dette systemet er brukt på operahuset i Oslo. Prisen på hele anlegget med utsmykking - inventar og ferdig uteareal blir vel 205 mill. kroner. Et flott anlegg med mange muligheter som vi må være flinke å benytte.

HG

Møte 21.03.2006

Terje Vigen

2006 er Henrik Ibsen-år og derfor passet det godt med framføring av hansepiske dikt Terje Vigen. Det ble utgitt i 1862 og er på 43 vers. Losen Terje Reinertsen kan ha vært modell for Terje Vigen, men det er stort sett dikting. Finland har også sitt nasjonalepos - Salevala. Walter Johansen framførte diktet på rams uten å snuble på en bokstav.

Deretter fritt møte. HG

Møte 28.03.2006

Blåmøte

Inner Wheel var invitert. Det var dekket med fingermat - frukt og Farris.

Programkomiteen stod for arrangementet og Solveig Vangnes hadde tilberedt maten. Hillbjørg ønsket velkommen da Anders var "forsinket". Vi fikk etter hvert forklaring på hvorfor. For første gang i Rotary Brattvåg skulle vi få moteframvisning, og Tove og Anders skulle være manequiner. Motebua hadde kledd dem opp, Amadeus stod for fargeanalyse og smink og hår/hårfarge - sko fra Bjerkvik og briller fra Brattvåg Synssenter. Det var sunnmørssommernes møter som ble vist. Klær som egnert seg til reise og fritid. Motefargen for menn er i år rosa/lilla og mintgrønt. Vi fikk kjenne både på stoffene og modellene. Ellers fikk vi gode tips om stell av klærne når vi er ute på reise og forskjellige kombinasjonsmuligheter.

Deretter fritt møte med mat og koseprat. HG



Sivilingeniør Rolf Oset AS, 20.5.2005